



«Mottakernavn»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»  
«Kontakt»

Kontakt saksbehandler

Ross Porter, 51 56 87 86

## Tildeling av skjønnstilskot til innovasjon og fornying 2024

I brev av 10. august 2023 inviterte vi til ein søknadsrunde for kommunale fornyings- og innovasjonsprosjekt med søknadsfrist 1. november 2023. Statsforvaltaren i Rogaland har no fordelt 12 millioner kroner til 10 prosjekt.

### Om prosjekta som har fått tilskudd

Stavanger kommune får 1 350 000 kroner til prosjektet «Videre utvikling av system for kunnskapsstøtte i kommunane» som er eit interkommunalt prosjekt i regi av det lokale forskingssamarbeidet innan helse og velferd i Sør-Rogaland og som er forankra i det nasjonale KSF organet – Kommunanes strategiske forskningsorgan. 14 av 15 kommunar i Sør-Rogaland deltek.

Stavanger kommune har og fått tilskot med 850 000 kroner til av prosjektet «Sammen på god vei – del to», som er eit innovasjonsprosjekt i samarbeid med SUS og kommunane Sola, Strand og Klepp om å handtere kortidsopphold på sjukeheim.

Eigersund kommune har saman med kommunane Bjerkreim, Sokndal, Hå og Lund fått tildelt 1 450 000 kroner i tilskot for prosjektet «Fleksibel og distriktsvennlig sykepleie i Dalane», som skal legge til rette for det nye sjukepleiestudiet i Dalane.

Strand kommune får tildelt eit tilskot på 1 000 000 kroner for prosjektet «It takes a village to raise a child», som skal møte utsette barn og ungdom på fleire arenaer i kvardagslivet.

Sandnes kommune får 1 750 000 kroner til prosjektet «Hele Familien» som vil følge opp 20 til 30 lavinntektsfamilier fram til uteksaminering av vidaregåande skole.

Gjesdal kommune får 800 000 kroner til prosjektet «Omstilling 2035-forprosjekt». Eit prosjekt som involverer nærast alle avgjerdstakarar i kommunen og omhandlar tilpassingar over fleire valperiodar for å vere rusta for utfordringar i framtida med bakgrunn i mellom anna demografi.



Haugesund kommune får 500 000 kroner til prosjektet «Rett hjelp der folk bor» som saman med Karmøy kommune og Stord Kommune skal drive eit prosjekt som opprettar team som behandlar familiar med barn med alvorlege åtferdsvanskar.

Karmøy kommune får 1 600 000 kroner til prosjektet «Kommunalt Legemiddelteam» som vil danne team med farmasøytar for å sørge for medisinerer, i staden for at ufaglærte utførar dette arbeidet.

Karmøy kommune får i tillegg 900 000 kroner for prosjektet «Optimalisere verferdsteknologi» for å betre utnytte dei store digitale investeringane som har blitt gjort.

Sauda kommune får tildelt 1 800 000 kroner til prosjektet «Teknologi for mer bærekraftig legevaktstjeneste i distriktene». Kommunen vil implementere telemedisinteknologi for betre å utnytte spesialistkompetanse mellom kommunane Sauda, Suldal og Haugesund saman med Helse Fonna HF.

## Meir om tildelinga

Det kom inn til saman 31 søknader frå 14 kommunar, med fleire samarbeidskommunar. Det var mange sterke søknader innan ulike fagområde. I år, som i fjor, har Statsforvaltaren lagt eit overordna prioritert område til grunn for vurdering av søknadane: berekraftige velferdssamfunn. Berekraftige velferdssamfunn relaterer til fleire av berekraftsmåla. Eigne retningslinjer frå Kommunal- og distriktsdepartementet ligg òg til grunn, saman med vurdering av prosjektorganisering, grad av innovasjon, grad av tverrfagleg samarbeid og samarbeid på tvers av kommunane og ikkje minst overføringsverdi til andre kommunar. Vi har i tillegg lagt vekt på ein geografiske fordeling i fylket.

For å sikre overføringsverdi blir tilskot tildelt under føresetnad av at resultatane frå prosjekta blir delte med dei andre kommunane i Rogaland. Berekraftsuka 2024 er ei aktuell arena for formidling av resultatane. Statsforvaltaren skal og formidle resultatane gjennom Prosjektportalens offentlege side: [prosjektskjonn.fylkesmannen.no/offentleg](https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no/offentleg).

Her er ei samla oversikt over prosjekta og fordelinga av skjønnskottet:

Prosjektnummer	Prosjektnamn	Kommune	Beløp
11-23-0005	Videre utvikling av system for kunnskapsstøtte i kommunene	Stavanger	1 350 000
11-23-0008	Sammen på god vei - del to	Stavanger	850 000
11-23-0012	Fleksibel- og distriktsvennlig sykepleie i Dalane	Eigersund	1 450 000
11-23-0017	«It takes a village to raise a child»	Strand	1 000 000
11-23-0022	Hele familien	Sandnes	1 750 000
11-23-0026	Omstilling 2035-forprosjekt	Gjesdal	800 000
11-23-0033	Rett hjelp der barnet bur	Haugesund	500 000
11-23-0043	Kommunalt Legemiddelteam	Karmøy	1 600 000
11-23-0044	Optimalisere velferdsteknologi	Karmøy	900 000
11-23-0045	Teknologi for mer bærekraftig legevaktstjeneste i distriktene	Sauda	1 800 000



### **Frist for rapportering 1. mars 2024**

Det er ein føresetnad at kommunar som er tildelt skjønnsstilskot til innovasjon og fornying rapporterer innan **1. mars 2024**. For prosjekt som har fått tildelt tilskot ved tidlegare tildelingar, og som ikkje har levert endeleg rapport, gjeld og fristen 1. mars 2024.

Prosjekt som er avslutta skal levere endeleg rapport, med omtale av dei mål kommunen har nådd, erfaringar med prosjektet, oppfølging i ordinær drift, gevinstrealisering og økonomi. Resultata frå prosjekta må vera dokumenterte for å sikre overføringsverdi og gjennomtenkt pengebruk. Legg ved eigen prosjektrapport og -rekneskap.

Ved tildeling av tilskot til innovasjon og fornying, vil vi legge vekt på om kommunen har rapportert på prosjekta sine innan fristen.

### **Forutsetningar for tildeling**

Skjønnsstilskot til Innovasjon- og fornying skal berre gå til formålet som er skissert i prosjektsøknaden. Dersom eit prosjekt ikkje er gjennomført som planlagt, og kommunen derfor ikkje har brukt det tildelte tilskotet i tråd med søknad, skal kommunen rapportere om dette og betale tilskotet tilbake.

Tilskot frå Statsforvaltaren skal ikkje gå til vanleg drift, men hjelpe kommunane til å prøve ut løysingar som kan gje betre eller meir effektive tenestetilbod og styrke kommunane sine ulike roller. Rapportering og erfaringsdeling er viktige virkemidlar for å få nytte av tilskotet til innovasjon og fornying i heile fylket.

Statsforvaltaren oppfordrar kommunar som får tildelt tilskot til prosjekt med liknande tematikk til å kontakte kvarandre og gjerne dele erfaringar undervegs.

I tråd med utlysinga av tilskotet krev vi kommunal eigenfinansiering av prosjekta. Tildelingane blir lagt inn i den vanlege prosjektportalen: [prosjektskjonn.fylkesmannen.no](https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no). Der det er aktuelt, vil vi gjennom portalen gi beskjed om viktige forutsetningar som ligg til grunn for tildelingane. Det er derfor viktig at dei som har fått tildelt midlar følgjer med på tildelingane i prosjektportalen.

Vi gjer merksam på at midlane vil kome som del av 1. terminutbetaling av rammeoverføringane. Dette er eit samlebrev til alle kommunane i Rogaland.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)  
statsforvalter

Monica Nessa  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Adresseliste:

Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen